

## Lærarmobilitet gjennom Erasmus-programmet

Lærarmobilitet er eit tiltak innanfor Erasmus-programmet som vitskapleg tilsette på Universitetet i Bergen kan nytte seg av. UiB har pleid å sende ut rundt 15 vitskaplege tilsette på erasmus lærarutveksling i året.

Lærarmobilitet gir gode muligheiter til å knytte og oppretthalde kontakt med utanlandske kollegaer og lærestader, og lærarmobiliteten i Erasmus har som mål å:

- Gi studentar som ikkje kan delta i ei mobilitetsordning høve til å dra nytte av den kunnskap og ekspertise lærarar frå andre europeiske land sit inne med.
- Fremje utveksling av pedagogisk ekspertise og erfaring.
- Oppfordre høgre utdanningsinstitusjonar til å utvide og utvikle kursinnhaldet og -utvalet dei tilbyr.

## Avtalar

Universitetet i Bergen har rundt 200 avtalar om lærarutveksling gjennom erasmusprogrammet. Dei aller fleste fagmiljø har minst ein avtale. Ein oversikt over avtalane finst her:

<http://angelica.uib.no/pls/apex/f?p=195:2:4434814764530888::::>

## Formelle krav

Opphaldet skal vere ein integrert del av undervisningsopplegget ved vertsinstitusjonen. Dette betyr at mobiliteten må vere basert på ein institusjonsavtale og at partnerinstitusjonane på førehand må ha gjort klart kva undervisningsprogram læraren er ansvarleg for. Det er sendeinstitusjonen som vel ut lærarane som skal delta.

Det er ingen krav til minimumslengde på opphalda, men det må undervisast i minimum fem timar. Maks lengde på er seks uker.

## Søknadsfristar

Ettersom dei seinare åra har hatt ein viss mangel på midlar til lærarutveksling har ein no innført to søknadsfristar i året ved Universitetet i Bergen; 15. september og 15. februar. Søknaden må kome frå institutt/fakultet og blir å sende til Erasmus institusjonskoordinator, Utdanningsavdelinga.

## Erasmusstipendet

Erasmusstipendet for lærarutvekslinga er på maks 800€ per veke. Dette inkluderer reiseutgifter og ei ekstra støtte etter eigne satsar for kvart einskild EU-land.

For at det skal kunne betalast ut erasmusmidlar etter ei lærarutveksling må følgande dokumentasjon ligge føre:

Utfylt og undertekna Erasmus Teaching Assignment

Utfylt og undertekna Confirmation of Erasmus Teaching Assignment

Rapport

Reiserekning